

# TILTAK FOR Å SIKRE BESTE RESULTATVED HANDEL I FINANSIELLE INSTRUMENT

Versjon 4, gjeld frå 6.november 2019

## **Innhald:**

1. **Formål**
2. **Beste resultat per instrumentklasse**
  - 1.1 *Rentederivat*
  - 2.1 Aksje
  - 2.2 Fond
  - 2.3 Valutaderivat
  - 2.4 Rentederivat

# 1. Føremål

SpareBank 1 Sogn og Fjordane (SSF) er eit verdipapirføretak med konsesjon frå Finanstilsynet til å tilby investeringstenester og handel i finansielle instrument. Finansielle instrument er her definert etter [verdipapirhandellova § 2-2](#) og omfattar aksjar, fond, valuta- og rentederivat. SSF ytt investeringstenester i form av investeringsrådgjeving, mottak og formidling av ordre på vegne av kundar, og omsetning for eiga rekning. Sjå også alminnelege forretningsvilkår for utfyllande informasjon om kva SSF kan yte av tenester.

Med bakgrunn i det nye Verdipapirhandellova § 10-19, har SSF krav til å gjennomføre *alle tilstrekkelige tiltak* for å oppnå *beste resultat* for kunden ved utføring av ordre i finansielle instrument. SSF har primært ikkje-profesjonelle kundar og for desse skal ein legge samla vederlag kunden betalar til grunn for kva som er beste resultat. Med samla vederlag meiner ein summen av kurs og alle transaksjonskostnader j.fr forskriftas § 10-19 (2).

For dei som reknast som profesjonelle kundar skal følgjande moment leggast til grunn for å vurdere kva som gir beste resultat:

- Pris
- Kostnad
- Tidsbruk
- Sannsyn for gjennomføring og oppgjør av ordren
- Storleik
- Art
- Andre relevante tilhøve

I nokre tilfelle vil SSF få spesifikke instruksar frå kunde som gjer at kunden ikkje nødvendigvis oppnår beste resultat. Til dømes kan det vere å gjennomføre ordre utanfor handelsplass. SSF pliktar likevel å utføre handelen etter gitt instruks frå kunde.

SSF nyttar følgjande utføringsplassar:

- Regulert marknad (RM)
- Multilateral handelsfasilitet (MHF)
- Andre likviditetstilbydarar og vil variere etter type instrument. Ta kontakt for å få tilgang til likviditetstilbydarar for eit gitt instrument.

I punkt 2 under finst meir informasjon om korleis SSF sikrar beste resultat for dei ulike klassane av finansielle instrument.

Desse retningslinjene vil bli vurdert årleg eller når det er nødvendig. Siste versjon av retningslinjene vil til ei kvar tid vere tilgjengeleg på [www.ssf.no/investorvern](http://www.ssf.no/investorvern) . Oppdaterte retningslinjer vert gjeldane frå det tidspunkt desse er publisert.

## 2. Beste resultat per instrumentklasse

Dei ulike instrumentklassane er vurdert etter krav, jf del 1. SSF har egne system for valuta- og rentehandel, medan aksjar og fond vert handla i samarbeid med høvesvis DNB Markets og Norne Securities. Både DNB og Norne har egne retningslinjer for korleis dei skal oppnå beste resultat.

### 2.1 Aksjar

SSF tilbyr aksjehandel i samarbeid med DNB, der SSF vidareformidlar ordrar til DNB. For ytterligare informasjon om korleis DNB sikrar beste resultat sjå eige dokument på DNB sine nettsider ved å [klikke her](#)<sup>1</sup> eller besøk [www.dnb.no](http://www.dnb.no). SSF har gjort ei vurdering av om kundane oppnår beste resultat ved at SSF har samarbeid med DNB. DNB har eit presist og effektivt system som samanliknar kursar på fleire handels plassar og vel den handels plassen som gir best resultat for kundane. SSF konkluderer med at beste resultat vert ivareteke.

### 2.2 Fond

SSF tilbyr fondshandel i samarbeid med Norne. For nærare informasjon om korleis Norne sikrar beste resultat sjå eige dokument på Norne sine nettsider ved å [klikke her](#)<sup>2</sup> eller besøk [www.norne.no](http://www.norne.no). SSF har gjort ei vurdering av om kundane oppnår beste resultat ved at SSF har samarbeid med Norne. Alle kundane får lik kurs og same kostnader ved handel i fond uavhengig av om kunden handlar direkte med fondsleverandøren eller via Norne. SSF konkluderer difor med at beste resultat blir ivareteke.

### 2.3 Valutaderivat

Med valutaderivat meinast valutaterminkontrakt (forward) og valutabytteavtale (FX swap) med valuta som underliggende instrument. Andre valutaderivat kan bli tilbydd på førespurnad. Valutaderivat vert inngått direkte med SSF som motpart (eigenhandel).

Valutahandel med maksimum to verkedagar mellom handel og oppgjer (Valuta Spot), samt valutaterminkontrakter som del av ei avtale inngått mellom SSF og ikkje-finansielle motpartar der føremålet er å sikre betalingsstraumar ved veksling av valuta, vert ikkje omfatta av retningslinjene. SSF vil likevel utføre denne typen handel i tråd med retningslinjene so langt det let seg gjere for å sikre kunden sine interesser. SSF har ingen profesjonelle kundar som handlar valutaderivat. Det gjer at det samla vederlaget til kunden blir lagt til grunn når ein skal vurdere kva som gir beste resultat.

Beste pris blir sikra gjennom at SSF søker å stille marknadsriktig pris, som vil bestå av kjøps-/salspris (bid/ask), som SSF vil oppnå under aktuelle marknadsforhold. I tillegg kjem ein margin til SSF. I SSF sine prisar er følgjande inkludert i bruttomargin; dekking av banken sine kostnader knytte til marknadsrisiko, motpartsrisiko, finansiering, kapitalkrav,

---

<sup>1</sup> <https://www.dnb.no/portalfont/nedlast/no/markets/vilkar-avtaler/ordreutforelsemidII.pdf>

<sup>2</sup> <https://norne.no/wp-content/uploads/2015/09/Norne-Retningslinjer-for-ordreutf%C3%B8relse.pdf>

operasjonelle kostnader, skattar og avgifter, kostnader relaterte til omsetning på marknadsplasser, depot/clearing, oppgjørskostnader og banken si forteneste.

Margin lagt til marknadspris vil variere frå kunde til kunde, avhengig av storleik og løpetid på transaksjonen(ane), kapitalkrav og den motpartsrisiko kunden representerer.

System og rutinar for etterleving. SSF nyttar prisingsmodellar med kursinformasjon frå nøytral kjelde og frå multilaterale handelsplassar. SSF brukar fleire handelsplassar inklusivt multilaterale handelsplassar som samanliknar «bid/ ask» (sal-/kjøps-pris) mot to eller fleire marknadsaktørar. Hovudregelen er å nytte multilaterale handelsplassar for banken sin prising og inndecking av eigen risiko.

Sannsyn for gjennomføring av valutahandel innan rimeleg tid er stor.

## 2.4 Rentederivat

SSF tilbyr handel med rentederivat. Det er vanlegvis rentebytteavtalar (swap). Andre rentederivat vil kunne bli tilbydd på førespurnad. Rentederivat vert inngått direkte med SSF som motpart (eigenhandel). SSF har ingen profesjonelle kundar som handlar rentederivat. Det medfører at det samla vederlaget til kunden vert lagt til grunn når ein skal vurdere kva som gir beste resultat.

Beste pris blir sikra gjennom at SSF søker å stille marknadsriktig pris, som vil bestå av kjøps-/salspris (bid/ask), som SSF vil oppnå under aktuelle marknadsforhold. I tillegg kjem ein margin til SSF. I SSF sine prisar er følgjande inkludert i bruttomargin; dekking av banken sine kostnader knytte til marknadsrisiko, motpartsrisiko, finansiering, kapitalkrav, operasjonelle kostnader, skattar og avgifter, kostnader relaterte til omsetning på marknadsplasser, depot/clearing, oppgjørskostnader og banken si forteneste.

Margin lagt til marknadspris vil variere frå kunde til kunde, avhengig av størrelse og løpetid på transaksjonen, kapitalkrav og den motpartsrisiko kunden representerer.

System og rutinar for etterleving. SSF nyttar prisingsmodellar med kursinformasjon frå nøytral kjelde. Dette vil danne grunnlag for prising før margin til kunde. Vi brukar fleire handelsplassar (OTC) og kan handle med to eller fleire marknadsaktørar for egen inndecking.

Sannsyn for gjennomføring av rentehandel vil skje innan rimeleg tid.

## 3. Spesielle forhold

I situasjonar der aktuelle marknader er særskilt volatile eller utsett for særskilde marknadshendingar, kan SSF måtte avvike frå dei generelle prinsippa i desse retningslinjene for å få gjennomført ein kundeordre. Dersom eksterne forhold inntreffer i marknaden eller for tekniske system, viser SSF til alminnelege forretningsvilkår om ansvar og ansvarsfritak.